

Offentlege instansar

Norheimsund, 15.05.2020

Dykkar ref: Prosjekt: Detaljregulering N68 Valland 20190011


Vår ref: 2635

MELDING OM ENDRING AV PLANGRENSE FOR DETALJREGULERINGSPLAN PÅ GNR.33, BNR.195 M.FL., VALLAND, KVAM HERAD - PLANID (4622) 20190011

Visar til varslingsbrev datert 06.12.2019 – oppstart av detaljreguleringsplan for eigedom gnr. 33 bnr. 195 m.fl. på Valland i Norheimsund, Kvam herad. I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt om endra områdeavgrønsing for detaljreguleringsplan N68 Valland, planID (4622) 20190011. Planområdet er justert for å tilpasse seg tilgrensande reguleringsplanar, og for i størst mogleg grad unngå potensiell konflikt med kulturminner.

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å leggje til rette for næringsverksemd og tilhøyrande infrastruktur, i tråd med overordna kommuneplan for Kvam. Fylkeskommunen har i samband med varsel om oppstart meldt om arkeologiske undersøkingar for deler av området.

Reguleringsplanen vil erstatte 1238 20150003 Bustader på Valland, og deler av reguleringsplan 1238 20100006 og reguleringsendring 1238 20100006a Skipadalen-Norheimsund. Planområdet har ein storleik på om lag 14,6 daa, og ny plangrense er illustrert på kartskissa nedanfor.



Plangrense som utgår er markert med raudt, ny plangrense med svart.



Frist for innspel til planarbeidet er sett til 20.06.2020.

Innspel som kan ha innverknad på, eller vere av interesse for planarbeidet, kan sendast til Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; post@geoplan.no. Spørsmål rettast til Geoplan as på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt til Kvam herad for handsaming.

Med helsing

Ingvild Eikefjord
Sivilarkitekt MNAL / arealplanleggjar

